



KYRKJEBLADET

FOR VESTNES

NR. 1 - APRIL 2014

19. ÅRGANG



Foto: Lizette Hansson

Jesus i Getsemane

Velsigna påske!



Ved dette merket skal du sigre

Påskepreike av Per Inge Vik, sokneprest i Skodje.

*Han er oppstaden, dyre ord!
For all vår synd er soning gjort,
no er Guds himmel open!
Min Jesus sigra då han braut
dei piler døden mot meg skaut,
og knuste mørkheims våpen.
Å røyst,
mi trøyst!
Sjå, med siger
fram han stiger.
Bøtt er skaden.
Han var død, men er oppstaden! (Elias Blix 1902)*

Då brikkene fall på plass

Ei legende fortel at keisar Konstantin I, før slaget ved Pons Mulvius i år 312, fekk eit syn av eit kors med ein tekst attmed: "Ved dette merket skal du sigre". Denne setninga kan setjast som overskrift på påskehøgtida. Korset var først eit symbol på fornedring og død. Men for Jesus gjekk vegen til siger gjennom korset. Dette er påskeevangeliet sin ironi: Dei som ønskte Jesu nederlag og død, fekk erfare det motsette, at dei blei årsak til hans sigerrike oppstode.

Då eg som 20-åring bestemte meg for å studere teologi, var det somme som kom og åtvare meg. Dei sa at teologien med sin bibelkritikk kunne plukke sund trua mi. Men det blei akkurat motsett. Eg fann at Bibelen toler godt å bli granska og undersøkt på alle måtar.

Di meir eg har studert kjeldene, di klarare har eg sett at historisiteten held når det gjeld kjernepunktet i den kristne trua, at den korsfeste Jesus stod oppatt tredje dagen og viste seg for Maria Magdalena og dei andre vitna. Eg held det for usannsynleg og ulogisk at det er Jesu læresveinar som skulle ha dikta opp heile historia.

Korsfestinga og oppstoda er to hendingar som ikkje kan løysast frå kvarandre. Den eine gir ikkje meining utan den andre. Jesus vert herleggjord ved korsfestinga, fordi han ærar far sin ved å

vere lydig, og fordi han viser den store kjærleiken ved at han gir livet sitt for oss syndarar som treng frelse. Og i oppstoda blir det tydeleg at han har makt over døden og mørket sitt velde.

Oppstoda er heilt nødvendig for å forstå korsfestinga rett. Utan oppstoda ville korsfestinga berre vere éi av ei lang rekkje avrettingar utført av den romerske styresmakta. Då ville heller ikkje Jesu død ha hatt noko å seie for dei truande; ja kristendommen hadde neppe eksistert i det heile teke. På grunn av oppstoda kan alle sjå at Jesus er den han gav seg ut for å vere: Guds son og verda sin frelsar. Oppstoda viser oss at menneska si synd er sona.

Så er Jesus *førstegrøda av oppstoda*, for sidan skal alle dei som trur på han, følgje etter (1.Kor 15,20-23). Når vi betraktar Jesu oppstode, forstår vi at evangeliet er sant. Påskedag **fell brikkene på plass** for oss, slik som dei også gjorde for læresveinane.

Så erfarer vi på trua sin veg gjennom livet at der blir kors vi må bere. Vi kan oppleve stunder der Gud verkar langt borte, der bønensvara uteblir, der dei gode følelsane blir vekke. Då treng vi å hugse på at trua vår ikkje byggjer på gode følelsar og opplevingar, men på Jesu oppstode.

Jesu oppstode er ei historisk hending som er godt omvitna. Det fine med historiske hendingar er at dei er sanne, uansett korleis eg har det. Også dei dagane eg er langt nede, og Gud verkar fjern, er det sant at Jesus lever. Då er det også sant at eg sjølv er på veg mot oppstoda og evig liv, sjølv om det ikkje følest slik.

Ei tru som har Jesu oppstode som fundament, er ei tryggare tru som toler betre at følelsar, opplevingar og livssituasjon skiftar. Det er legitimt for ein kristen å ønskje seg gode opplevingar knytt til trua. Men opplevingar er subjektive og skiftande, og deira rolle er ikkje å vere fundament. Dei kjem i tillegg til visheita om at Jesus lever, same korleis eg har det. Dermed kan eg også ta til meg orda frå Konstantin sitt syn: Ved dette merket skal eg sigre. God påske!

VIA DOLOROSA

Av Annbjørg Helland Sævareid

Utan forsvarar, einsleg og sviken.
Skuldfri, men dømt i staden for meg.
Krona med tornar, spotta og plaga.
Sjølvs bar du korset ein pinefull veg.
Enda Pilatus fann ingen synder.
Sjå dette menneske! ropte han ut.
Utan eit ord og lydige som lammet
vart du mitt soningsoffer for Gud.



Kledd i ei kappe av purpur, og håna.
Bøygde under korset mens blodet ditt rann.
Menneskehopen som først hadde hylla,
spotta og ropte: Korsfest denne mann!
Gjennom dei reine, skuldfrie hender
nagla dei kroppen din fast til eit tre.
Straffa som eg skulle hatt bar du villig.
I dine sår har eg frelse og fred.

Himlen var lukka og dødsriket opna.
Verda fortapt og angsten var stor.
Midt i det djupe mørket som rådde
tende du ljuset og vona på jord.
Døden har tapt og livet har vunne,
Forhenget revna frå øverst i to.
Vegen til himlen vart opna for alle.
Inn får eg kome på grunn av ditt blod.



Jesus i Getsemane

Av Kari Moe Elgsaas

Eit mykje nytta motiv i kyrkjer, bedehus og private heimar er den bedande Jesus på kne i Getsemanehagen. Dette motivet finn vi også i altertavla som blei brukt i Fiksdal Kyrkje frå 1907 til 1966. Då kom den eldre altertavla frå 1866 på plass att, og "nytavla" vart flytta til ein sidevegg. Biletet er måla av Maren Sverdrup i 1906 etter originalmåleriet av den tyske forfattaren og målaren Ernst Theodor Amadeus Hoffmann. Biletet er altså ein kopi, noko som ikkje var uvanleg på 1800-talet. På veg frå det siste måltidet saman med læresveinane, der nattverden vart stifta, gjekk Jesus saman med nokre av læresveinane sine over Kedronbekken og inn i Getsemanehagen for å be til sin Gud og far. Han var både redd og usikker på det han gjekk i møte, og bad om å få sleppe, dersom det var muleg : "men ikkje som eg vil, berre som du vil". Svaret kom i form av ein engel som gav lindring og styrke. Eg vel å tru at det er nettopp denne stunda måleriet har fanga inn. Lysstrålen frå himmelen lyser opp heile skikkelsen samtidig som han framhevar dei folda hendene og det himmelvevende ansiktet. Ansiktet er ikkje forpint av smerte slik vi kan forestille oss at det må ha vore kort tid før, og slik vi kan forestille oss at det var seinare då han hang nagla til korset. Dei mørke fargetonane elles i biletet understrekar likevel alvoret i det som var i vente av smerte og fortvilning på Golgata.



Innsetting av nattverden og Jesus i Getsemane

Evangeliet etter Matteus 26.26-46

Nattverden

Medan dei heldt måltid, tok Jesus eit brød, takka og braut det, gav det til læresveinane og sa: «Ta imot og et! Dette er min kropp.» Og han tok eit beger, takka, gav dei og sa: «Drikk alle av det! Dette er mitt blod, paktblodet, som blir utrent for mange så syndene blir tilgjevne. Eg seier dykk: Heretter skal eg ikkje drikka av denne frukta av vintreet før den dagen eg drikk henne ny saman med dykk i riket til Far min.»

Jesus seier at Peter kjem til å forneakta han

Då dei hadde sunge lovsongen, gjekk dei ut til Oljeberget. Då seier Jesus til dei: «I natt kjem de alle til å falla ifrå og venda

dykk bort frå meg. For det står skrive:

*Eg skal slå gjetaren,
og sauene skal spreia.*

Men når eg har stått opp att, skal eg gå føre dykk til Galilea.» Peter tok til orde og sa: «Om så alle vender seg bort frå deg, skal eg aldri gjera det.» Jesus svara: «Sanneleg, eg seier deg: I natt, før hanen gjel, skal du forneakta meg tre gonger.» Men Peter sa: «Om eg så må døye med deg, skal eg ikkje forneakta deg.» Det same sa alle dei andre læresveinane.

I Getsemane

Så kom Jesus med læresveinane til ein stad som heiter Getsemane, og han sa til dei: «Sit her medan eg går dit bort og

bed.» Han tok med seg Peter og dei to Sebedeus-sønene, og han vart gripen av sorg og gru. Då sa han til dei: «Mi sjel er sorgtyngd til døden. Ver her og vak med meg!» Så gjekk han eit lite stykke fram, kasta seg ned med andletet mot jorda og bad: «Far, er det råd, så lat dette begeret gå meg forbi! Men ikkje som eg vil, berre som du vil.» Då han kom tilbake til læresveinane, fann han dei sovande, og han sa til Peter: «Så makta de ikkje å vaka med meg ein einaste time? Vak og be at de ikkje må koma i freisting! Ånda er villig, men kjøtet er veikt.» Så gjekk han bort att andre gongen og bad: «Far, om ikkje dette begeret kan gå forbi meg, og eg må tømme det, så lat viljen din råda.» Då han kom tilbake, såg han at dei



hadde sovna til att, for auga deira var tunge av søvn. Då lét han dei vera og gjekk bort att og bad tredje gongen med dei same orda. Så kom han tilbake til læresveinane og sa: «Søv de framleis og kviler! Timen er komen då Menneskesonen skal gjevast over i syndarhender. Stå opp, lat oss gå! Svikaren er nær.»



Tårnagentar i Fiksdal og Vestnes

Av trusopplærar Sivert Hovde

Kyrkja er full av hemmelegheiter og merkelege symbol. Då er det jammen bra at agentar kjem til kyrkjene våre. I Vestnes og Fiksdal kyrkje har tredjeklassingar fått kjenne på korleis det er å utforske kyrkja heilt frå topp til botn, og at det er mange agentspirar i området, er soleklart.



Stolte tårnagentar i Fiksdal kyrkje.

Laurdag 25. januar var det samla heile 29 born i Vestnes kyrkje, og laurdag 8. februar kom rett og slett heile klassen på 5 agentar til kyrkja i Fiksdal. Dei hadde ei fin stund både på laurdagen og på gudstenesta søndag.



Kva gøymer seg i den skjulte boksen tru...

Før agentane kom inn i kyrkja, måtte dei gå gjennom ei hinderløype. Først blei dei tildelte eit passord dei måtte hugse, og deretter sette dei fingeravtrykket sitt på ein plakate. Kyrkjedøra blei så opna. Ein og ein gjekk dei inn der dei måtte krype, klatre og finne godteri i noko enkelt kliss. Siste post var

å fortelje passordet før dei fekk beviset. I Vestnes fekk dei besøk av politiet som viste korleis ein arbeider når ein skal finne spor. Og etterpå kunne dei prøve kunnskapen dei hadde fått, til å finne den store skatten i kyrkja. Her var det om å gjere å jobbe saman. Til saman blei det funne fem symbol som dei fekk bli kjende med: døypefonten, lysgloben, liturgiske fargar, skipet og korset. På alle postane fann dei òg ein lapp med eit ord, så når alle lappane var funne, gjaldt det å sette saman orda til ei setning som fortalde kvar den siste symbol-skatten var. Etter symboljakta var det godt å få skikkeleg agentmat!

I kyrkja dagen etter hadde agentane øvd inn dramastykke og song. Det var tydeleg at borna kosa seg stort, og agenttida er ikkje over. Å vere agent handlar om å sjå kvarandre, gjere oppdrag som kan gjere andre glad, til dømes noko så enkelt som å gje ein klem til nokon du er glad i. For det var dette Jesus ville gjere då han gjekk på jorda, og han har eit oppdrag til alle i dag òg.



Spennande å sjå korleis politiet finn fingeravtrykk i Vestnes kyrkje.



I tårnet var det litt skummelt.



Fingeravtrykk i agentkontoret.



Jippi, vi fann skatten.

Faderen

av Bjørnstjerne Bjørnson

Den mann, hvorum her skal fortelles, var den mektigste i sitt prestegjeld; han het Tord Øverås. Han stod en dag i prestens kontor, høy og alvorlig. «Jeg har fått en sønn», sa han, «og vil ha ham over dåpen». «Hva skal han hete?» «Finn, etter far min». «Og faderne?» De ble nevnt, og det var bygdens beste menn og kvinner av mannens slekt. «Er det ellers noe?» spurte presten, han så opp. Bonden stod litt, «Jeg ville gjerne ha ham døpt for seg selv», sa han. «Det vil si på en hverdag?» «På lørdag førstkommende, 12 middag». «Er det ellers noe?» spurte presten. «Ellers er det ingen ting», sa bonden, dreide luen som ville han gå. Da reiste presten seg. «Ennu dog dette», sa han og gikk like bort til Tord, tok hans hånd og så ham inn i øynene: «Give Gud at barnet må bli deg til velsignelse!»

Seksten år etter den dag stod Tord i prestens stue. «Du holder deg godt, du Tord», sa presten, han så ingen forandring på ham. «Jeg har heller ingen sorger», svarte Tord. Til dette tidde presten, men en stund etter spurte han: «Hva er ditt ærend i kveld?» «I kveld kommer jeg om sønnen min som skal konfirmeres i morgen». «Han er en flink gutt». «Jeg ville ikke betale presten før jeg hørte hva nummer han fikk på kirkegulvet». «Han skal stå nummer en». «Jeg hører dette, og her er ti daler til presten». «Er det ellers noe?» spurte presten, han så på Tord. «Ellers er det ingen ting». Tord gikk.

Atter løp åtte år hen, og så hørtes det støy en dag foran prestens kontor, for mange menn kom, og Tord først. Presten så opp og kjente ham. «Du kommer mannsterk i kveld». «Jeg ville begjære lysning for sønnen min, han skal giftes med Karen Storlien, datter av Gudmund som her står». «Dette er jo bygdens rikeste jente». «De sier så», svarte bonden, han strøk håret opp med den ene hånden. Presten satt en stund som i tanker, han sa intet, men førte navnene opp i sine bøker, og mennene skrev under. Tord la tre daler på bordet. «Jeg skal bare ha én», sa presten. «Vet det nok, men han er mitt eneste barn, ville gjerne gjøre det vel». Presten tok mot pengene. «Det er tredje gang du på sønnens vegne står her nå, Tord». «Men nå er jeg også ferdig med ham», sa Tord, la sin tegnebok sammen, sa farvel og gikk - mennene langsomt etter.

Fjorten dager etter den dag rodde far og sønn i stille vær over vannet til Storlien for å samtale om bryllupet. «Den toften ligger ikke sikker under meg», sa sønnen og reiste seg for å legge den til rette. I det samme glir den tiljen han står på, han slår ut med armene, gir et skrik og faller i vannet. «Ta i åren!» ropte faren, han reiste seg opp og stakk den ut. Men da sønnen hadde gjort et par tak, stivner han. «Vent litt!» ropte faren, han rodde til. Da velter sønnen bakover, ser langt på faren - og synker.

Tord ville ikke rett tro det, han holdt båten stille og stirret på den pletten hvor sønnen var sunket ned som skulle han komme opp igjen. Der steg noen bobler opp, enda noen, så bare en stor som brast - og speilblank lå atter sjøen.

I tre dager og tre netter så folk faren ro rundt om denne pletten uten å ta mat eller søvn til seg. Han soknet etter sin sønn. Og på den tredje dag om morgenen fant han ham og kom bærende oppover bakkene med ham til sin gård.

Det kunne vel være gått et år hen siden hin dag. Da hører presten sent en høstkveld noen rusle ved døren ute i forstuen og famle varsomt etter låsen. Presten åpnet døren, og inn trådte en høy, foroverbøyd mann, mager og hvit av hår. Presten så lenge på ham før han kjente ham, det var Tord. «Kommer du så sent?» sa presten og stod stille foran ham. «Å ja, jeg kommer sent», sa Tord, han satte seg ned.

Presten satte seg også, som han ventet, det var lenge stille. Da sa Tord: «Jeg har noe med som jeg gjerne ville gi til de fattige, det skulle gjøres til et legat og bære min sønns navn». Han reiste seg, la penger på bordet og satte seg atter. Presten talte dem opp. «Det var mange penger», sa han. - «Det er halvten av min gård, jeg solgte den i dag». Presten ble sittende i lang stillhet, han spurte endelig, men mildt: «Hva vil du ta deg for?» «Noe bedre.» De satt der en stund, Tord med øynene mot gulvet, presten med øynene på ham. Da sa presten sakte og langt: «Nå tenker jeg at sønnen din endelig er blitt deg til velsignelse». «Ja, nå tenker jeg det også selv», sa Tord, han så opp, og to tårer rant tunge nedover hans ansikt.



Gravminne

Av Kaare Lervik

Innleiing

Det var Per Bjørn Ellingseter som sette fram ein idé om at Kyrkjebladet skulle ha skrive om spesielle gravminne. Eit slikt gravminne skulle ha ei spesiell historie knytt til seg, eller det skulle vere spesielt i seg sjølv. På eit eller anna vis må det ha noko med Vestnes kommune å gjere. Redaksjonen meiner at dette er ein god idé, og ser for seg at her er det stoff som kan bli presentert i mange blad framover.

På generelt grunnlag er det mykje å skrive om gravminne. Her kan ein ta med utviklinga frå førkristen tid og fram til i dag der teknologien kan lage kva som helst av form på steinane og av tekst på dei. Kvar tidsepoke har sine særtrekk både i utforming og, ikkje minst, når det gjeld ornamentikk. Vi vil komme litt inn på noko av dette både no og i komande blad.

Kyrkjebladet har ikkje kapasitet til å skrive uttømmande om gravminne, og ein kan lett komme i skade for å gjere urett når så mykje stoff skal komprimerast. Men vi gjer så godt vi kan, og vil komme med nokre opplysingar vi har fanga opp.

Kjelder

Først og fremst vil vi gjere alle merksame på ei heilt ny bok av Helge Klingberg som heiter *Gravminne gjennom tusen år*. Ho kom i 2013 og er utgitt på E-forlag. Forfattaren av boka er svært



Halvard Kvitbeinsteinen. Foto: Helge Klingberg.

godt kvalifisert til å skrive om gravminne. Han har sidan 1981 vore einaste kyrkjegardskonsulenten i Noreg, tilsett av Kyrkje- og kulturdepartementet, og professor II i landskapsplanlegging og kyrkjegardsplanlegging på Ås landbrukshøgskole gjennom ti år. No er han pensjonist, men i løpet av si yrkeskarriere har han sjølv vore på meir enn 1900 av landet sine 2000 kyrkjegardar. Han meiner kyrkjegarden er kultur og betyr noko for alle menneske. “En kirkegård er både minnested og rekreasjonssted for mange mennesker. Jeg tror det er mentalhygienisk godt for folk å gå på kirkegården. Det er beroligende. Her kan vi tenke ut tanker som ikke kan tenkes i travle gater”, seier han i eit intervju med avisa Vårt Land. I det same intervjuet seier han at dei som arbeider på og med kyrkjegardar, er betre kvalifiserte no enn tidlegare. “Folk er generelt flinke til å stelle gravene sine. Mitt hovedsynspunkt har alltid vært at kirkegårder først og fremst skal være vakre og funksjonelle”, seier han. Her kan det vere på sin plass å gjere merksam på at alt som gjeld gravminne og stell av desse, er lovregulert. Vestnes kyrkjelege fellesråd har laga eigne reglar som gjeld i vår kommune, men dei byggjer på den generelle Gravferdslova.

Alle som har PC og tilgang på Internet, kan gå inn på DIS-Norge, Slekt og Data si heimeside og spesielt på <http://www.disnorge.no/gravminner/index.php> Her kan ein fritt søke og finne graver rundt om i heile landet.

Vi nemner VESTNES SOGELAG, ÅRSSKRIFT 2012 også, der ein finn ein artikkel om utgravingar i vår kommune. På Wikipedia finn ein òg ein god del om gravminne. Denne kjelda er internetbasert.

Historie

Gravminne finn ein alt frå før kristendommen kom til landet. Her kan ein nemne gravhaugar og mange bautasteinar som ein kan sjå mange stader. I vår kommune kan vi sjå restar av ein gravhaug på Villa. Der var det ei utgraving i 1932 og i 2011 på det ein kan kalle ein relativt tidleg kristen kyrkjegard, for denne skriv seg frå 1100- talet.

Gravhaugane minner oss mest om folk av høgare rang, men den jamne kvinne og mann vart gravlagd i flate graver, altså utan noko gravminne. Dette samsvarar med funnet på Villa. Det er først etter at kristendommen vart innført for alvor, at gravminne slikt vi tenkjer i dag, kom i bruk.

Dei første landlovene som bestemte at det skulle vere kyrkjegardar rundt alle kyrkjene, fekk mykje å seie. Sosial rang bestemte tidleg kvar den døde skulle gravleggast, og kva minnesmerke han skulle få. Her kan ein nemne at på 1200- og 1300-talet hadde personar av høg rang høve til å få grava si under kyrkjegolv. Etter kvart vart dette forbode, og like eins etter at det på om lag same tid kom forbod mot å ha træl, vart rangordninga mindre markert på kyrkjegardane. Det ein ser, er at skikkane har endra seg gjennom historia på mest alle område som gjeld graver og gravminne.



Materialar

Dei fleste gravminne, eller gravsteinar som vi gjerne seier, er laga av stein, men ein stein er ikkje berre ein stein. Det er svært mange forskjellige steinslag som har vore og er i bruk som gravminne. Størkningsbergartar som granitt, syenitt, dioritt og gabbro kjenner vi frå gravminne rundt om på kyrkjegardane, og av desse er det òg mange forskjellige slag. Omdanna bergartar som mellom anna marmor frå forskjellige kantar av landet, har vore brukt til gravminne. Kleberstein, særleg frå området rundt Otta, har vore brukt. Sidan denne arten er lett å skjere i, har mange av desse gravminna skoren dekor lik den vi kjenner frå treskur. Vi kan ikkje nemne alle, men enda er det fleire bergartar i bruk. Steinhoggeribedrifter er eit resultat av alle gravminna i stein. Steinindustrien i Eide er kjend her i distriktet. Somme gravminne er støyppte, men dei vart det ikkje mange av, for desse hadde lett for å forvitte. Trekors som i si tid vart brukte, er for det meste borte. Gravminne av støypejern og smijern finn ein fleire av, også her i Vestnes. Av alle gravminna rundt om på kyrkjegardane i landet, må vi heller ikkje gløyme dei av naturstein med alle sine forskjellige former.

Kva fortel gravminnet

Eit gravminne fortel i grunnen ganske mykje. Først og fremst fortel det kven som er gravlagd, men òg om den døde. Det blir gjerne i form av ei gravskrift. Yrkestittel var brukt ei tid. Andre inskripsjonar fortel om kva forhold den døde hadde til etterlevande. I denne omgang må vi nøye oss med å seie at dette vil vi komme attende til i neste nummer av Kyrkjebladet. Symbol og dekor er svært viktig i samband med gravminne, og like eins utforming av gravminna.

Eit spesielt gravminne

Targerd Brånå flytta til Vestnes i 2010 rett etter at ho vart pensjonist. No ville ho leve saman med dotter si og hennar tre barn, og såg for seg å bli gammal her. Diverre vart det ikkje slik. Ikkje så lenge etter at ho kom hit, vart ho sjuk. Kreftsvulsten på hjernen lét seg ikkje lækje, og døden kom så altfor tidleg.

Luk. 24,1-7.

Ved daggry første dagen i veka kom kvinnene til grava og hadde med seg den angande oljen dei hadde gjort i stand. 2 Då fekk dei sjå at steinen var rulla ifrå grava. 3 Dei gjekk inn, men fann ikkje Herren Jesu kropp. 4 Dei visste ikkje kva dei skulle tru, men med eitt stod det to menn hos dei i skinande klede. 5 Kvinnene vart forfærde og bøygde seg med andletet mot jorda. Då sa mennene til dei: «Kvifor leitar de etter den levande mellom dei døde? 6 Han er ikkje her, han er stått opp. Kom i hug kva han sa



Foto: Kaare Lervik.

Targerd var fødd og trødde sine barnesko på Brokke i Setesdal. Både etter hennar og familien sitt ønske vart ho gravlagd ved Hylestad kyrkje på Rysstad i Setesdal, ikkje langt frå der ho voks opp. På ein måte kan ein seie at ringen er slutta, for no er ho kommen attende til sin kjære Setesdal.


Hausten 2013 besøkte vi grava til Targerd og barndomsheimen hennar. Der fekk vi vite at det nedste trinnet på troppa inn til huset vart fjerna i samband med at tunet vart asfalt. No er dette trinnet som Targerd har trakka på så uendeleg mange gonger i sitt liv, blitt gravminne over henne. EIT GODT MENNESKE.

til dykk medan han endå var i Galilea: 7 Menneskesonen skal gjevast over i hendene til syndige menneske og bli krossfest, og tredje dagen skal han stå opp.’»



Finn Arne Roaldsnes takkar av

I samtale med Audbjørg Gjerde Lippert



Vi møter Finn Arne Roaldsnes på kontoret hans ein fin vinterdag med lav sol i sør. 1. mai går han av med pensjon etter å ha vore tilsett som sokneprest i Vestnes sidan 1. januar 1996. Før det var han prest i Sandøy i 10 år. Vi spør korleis tida her i Vestnes har vore. Utan å nøle tenkjer han først på familien og korleis det har vore for dei. Av store hendingar nemner han at

kongebesøket i 2003 med fest og stemning i den nyoppussa, vakre Tresfjordkyrkja var stort.

- Det har vore gode år for oss som familie. Ungane har fått vekse opp her, dei har gått på skule, først og fremst vidaregåande, og fått si utdanning. Det har lagt seg til rette med nytt hus og god jobb for Tone. Eg har fått vere prest og møtt små og store utfordringar. Folket her i Vestnes har vore snille med meg. I tillegg har eg vore leiar for Presteforeininga i tolv år og foreldremeklar alle åra i Vestnes.

Er det noko du synest har vore særleg givande?

Finn Arne tenkjer seg om før han svarer.

- Som nemnt er eg blitt møtt med respekt og glede frå folket her. Eg har levd med dei i sorger og gleder. Etter ei tid med svært stor arbeidsmengde, hadde eg ein periode der eg var svært sliten. Då var det mange som pusha på meg. Det var til stor hjelp, og eg sette pris på omtanken eg møtte i denne livssituasjonen. Elles gir møtet med barn og unge meg mykje. Den ærlegdomen og vennlegheita saman med livsgleda som denne gruppa har møtt meg med, har stadig gledd og oppmuntra meg. Han legg til: Konfirmantarbeidet synest eg forresten har blitt markant lettare dei siste åra av den grunn.

Som prest møter du folk i mange situasjonar, ofte i vanskelege periodar. Ein del av spesialarbeidet mitt har vore mekling ved samlivsbrot. Eg har hatt rundt 20 slike meklingar i året. Det er både meiningsfullt og krevjande å få vere med og finne gode løysingar for alle partar, ikkje minst for barna, enten det gjeld samværsspørsmål eller andre praktiske ordningar som kan lette situasjonen.

Eg skal heller ikkje unnså at eg er glad i å preike. Eg vil så gjerne formidle noko varig. Slik synest eg at liturgien er flott. Det er ord, men orda er viktige,

levande. Det er slitesterke ord som har levd og skapt kontinuitet i kyrkja gjennom hundreår.

Det må vere ei krevjande stilling å vere prest. Kva har vore mest krevjande for deg?

- Det uforutsigbare. Her nøler han ikkje. Det er ingen tvil. Det uforutsigbare og tragediar som følgjer i samband med ulykker. Det var i mange år vanskeleg å skilje mellom arbeid og fritid. Då hadde eg så godt som heildøgnsvakt, måtte stille opp uansett tid på døgnet. Etter kvart har vi fått ordna vaktteneste. Det er sjølv sagt krevjande å vere hjelpar etter ei dødsulykke, men samstundes svært meiningsfullt å få vere med som prest.

Å spegle seg sjølv er òg krevjande. Ein må innsjå at ein ikkje strekk til i alle situasjonar, ein må sjå sine svake sider, men likevel ha mot til å halde fram. Ein har ikkje nok tid til å innfri alle krav og ønskje verken hos seg sjølv eller andre. Då må ein velje ut nokre ein kan støtte, mens ein kanskje må skuffe andre.

Finn Arne har meir på hjartet her:

- Det er ikkje alltid like enkelt å vise at ein som prest også er sårbar. Trøysta får vere at det truleg kan gi tryggleik til andre å sjå at også presten kan vise seg sårbar. Livet er utfordrande, også for ein prest. Alt er av nåde og kjærleik til Gud og menneske.

Å vere prest er vel på mange måtar eit ein-samt yrke? spør vi.

- Eg har vel eigentleg ikkje opplevd yrket slik for min del. Eg er sosial av legning og glad i menneske og trivst saman med dei. Finn Arne tek ein liten pause før han held fram: - Men det kan vere einsamt enkelte gonger. Som prest får du vite mykje som du ikkje kan dele med andre. Det kan tyngje og gi ei kjensle av ein-semd.

Du møter ytterkantane i livet, om vi kan seie det slik, fødsel og død, dåp og gravferd, glede og sorg. Korleis er det å vere verkeleg til stades i så ulike situasjonar? Blir ein profesjonelt deltakande, eller er det mogleg å leve med i alt dette med ekte kjensler?

- Å vere ekte til stades kan av og til vere vanskeleg å handtere. I veldig tøffe saker blir ein kanskje til ei viss grad "profesjonell" for å klare det, men også då er det viktig å vise ekte empati. Å formidle ro i det kaotiske er ein viktig reiskap å bruke. Det er jo ingen grenser for det ein møter. Då gjeld det å gå med den eller dei som møter det uforståelege.

Vi skiftar tema og spør: Kvifor vart du eigentleg prest?

- Eg hadde to grunnar. Heilt frå eg var liten tenkte eg slik. Eg ville få folk til å tru på Jesus, og eg ville hjelpe menneske, enten i sjelesorg eller på annan måte. Her nøler ikkje presten, men snakkar med tyngd og overtydning.

Er det mange som oppsøker deg når det gjeld trusspørsmål, sjelesorg? vil vi vite.

- Ikkje mange. Det går mest i folk som vil snakke med presten i samband med ekteskapskriser eller andre mellommenneskelege problem. Det har òg blitt sjeldnare å bli beden om å kome i soknebod når nokon skal dø. Men ein del ønskjer besøk av presten, og det er utan tvil til hjelp både for dei pårørande og den døyande som får døy med fred etter at presten har bede bønner eller gitt nattverd.

Du har sikkert nokre tankar om korleis du ønskjer Kyrkja skal utvikle seg?

- Ja, sjølv sagt har eg gjort meg mine refleksjonar. Eg meiner det er viktig at kyrkja held fram i same

spor og med same innhald som no, men at ho fornyar seg i formidling. Det er viktig å bygge relasjonar til samfunnsinstitusjonar som til dømes skule, hel-sevesen og lokalsamfunn. Ein må vere tett på desse om ein vil ha ei rolle som Folkekyrkje. For staten definerer framleis Kyrkja som ei folkekyrkje, og då må vi ta det ansvaret. Dei personlege relasjonane er sjølv sagt òg svært viktige. Ein får ikkje tillit og oppslutnad utan nære og gode relasjonar med folk i ulike aldrar og forhold.

Kva vil du fylle dagane dine med som pensjonist? Det er ei kjent sak for oss soknebarna at du er ein lidenskapeleg fiskar, tilføyer vi.

Finn Arne småler.

- Eg hadde ikkje tenkt å gjere dette med "fiskarpresten" til eit fokus, men det er sant at fiske alltid har vore viktig for meg. Eg har til og med fått ei lei på havet oppkalla etter meg. Og det er eit omgrep som heiter "Prestekrabbe", krabbe med ei klo for at liv skal vere spart. Men det blir ikkje fisk til middag kvar dag, slik det kanskje var antyda i Romsdals Budstikke. Om det så vart, hadde det vel vore ein grunn til å fortsette som prest.

Derimot er skipsdåp og liturgien rundt denne noko som har oppteke han. Han fortel at han vil skrive meir om denne eldgamle skikken som har funnest så lenge det har eksistert båtar, og at han som pensjonist godt kan fortsette med det å velsigne båtar. Det same gjeld å bruke sjølv laga liturgi for husvelsigning. Ei bearbeiding av denne liturgien er forresten med i bøneden til den nye salmeboka.

Han fortel òg at han har utvikla Kristen meditasjon ved flo og fjøre. Finn Arne får glød i blikket mens han forklarar dette: - Ved fløande sjø fyllest livet, og velsigningar strøymar på. Ved fellande sjø kan det vere kriser, tømning og fornying. Heile livet er eit fløande og fellande motiv. Også i krisetid kan det kome ei positiv snuing utan at livet i seg sjølv forandrar seg.

Han forklarar at ein prest på Lindisfarne har tenkt liknande tankar som han, og har skrive bok om det.

- Dessutan ønskjer eg å bli spurd om å vere prest. Og å få barnebarn, tilføyer han leande.

Det ser med andre ord ikkje ut til at sokneprest Finn Arne Roaldsnes skal bli arbeidslaus som pensjonist med så mange interesser som han har. I tillegg til det vi har vore inne på, kan vi nemne at han også skriv dikt og salmar. To av desse vil de finne i bladet her. Så ønskjer vi han lykke til og veit at han vil bli ein ressurs både for nærmiljøet og kyrkja vidare framover.

VESTNESKRANSEN

av Finn Arne Roaldsnes

Stolt ragar Remmem- og Ystetind i Vestneskransen så fager
Her gard og grender seg saman bind med pynt av åkrar og enger
Det alt seg speglar i Flatevågen
Tre bruer spenner i Straumen bogen til leik og dans i Vestneskrans

Stolt seglar skuter på mange hav
Som her frå fjorden er låra
Der "Herman Lehmkühl", vår stolte arv til meisterverket er kåra
Men mange andre har heider bore
Til Vestneskransen for det dei gjorde av råd og dåd til slekters såd

Så gut og jente, ver stolt og glad
Hald Vestneskransen høgt heva
Her har du heime på kvar ein stad med liv og lyst skal du leva
Men vil du ut i den store verda
Ta med tilbake du finn på ferda av kraft og glans til Vestneskrans

SOL I HAV SEG REIER

(Tekst: Finn Arne Roaldsnes, melodi: Robert Coates)

Sol i hav seg reier, mørker omflør dag.
Gud sin nåde breier milde bårselag.

Sjøen aldri kviler, snart den fell og flør.
Vind og bære kastar om på lei og bør.

Mellom flo og fjøre har vi i våre liv.
Omflødd av den Gode spor i sand vi skriv.

Draumen er å lande på ei betre strand,
Over berg og bære sette fot på land.

Der er ikkje havet; sol går aldri ned.
I Guds eigen hage får vi kvilefred.



Kyrkjeleg årsstatistikk for Vestnes

Kvart år må aktiviteten i kyrkjelydane rapporterast inn. Dette gjer vi i form av tal. Vi presenterer noko av resultatet for dykk og tek samtidig med ei samanlikning for fire år bakover.

	2013	2012	2011	2010	2009
Innmelde i Den norske kyrkja	0	2	1	2	0
Utmelde av Den norske kyrkja	4	3	6	7	11
Talet på døypte	47	74	57	70	77
Talet på døypte, busette i soknet	31	51	31	66	51
Konfirmerte i soknet	79	105	90	94	90
Kyrkjelege vigslar i soknet	16	15	5	18	14
Gravferder	82	63	68	63	59
Hovudgudstenester på søn- og helgedagar	87	89	89	92	101
Tal på deltakarar	7579	9026	8796	8 700	8738
Andre gudstenester/møte m/gudstl. karakter	14	15	17	12	14
Tal på deltakarar	1675	1835	2332	1485	1674
Gudstenester m/nattverd, søn- og helgedagar/talet på deltakarar	48	38	33	27	24
Tal på deltakarar til nattverd	1262	1255	1505	859	648
Kyrkjeofringar	241206	248222	245 955	229 441	241 693
Andre innsamlingar	117963	268288	338 990	267 913	287 092

Det kan synast å vere ein sterk tendens til reduksjon i talet på dei som kjem til kyrkje. Vi skulle sjølvsagt ha ønskt oss fleire. Men reduksjonen skuldast òg at det er færre fødslar i Vestnes og difor færre døypte. Det er ofte store dåpsfølgje ved kvar dåp. Det som er det flotte er at så godt som alle barn vert døypte i Vestnes - og at alle vert konfirmerte!!! Ei samanlikning med tala på gjennomsnitt for nattverdsdeltakarar frå 1993 og 2013 viser inga negativ forandring. Ei av årsakene til dette er at terskelen for å gå til nattverd har blitt lav. Det er veldig bra. Eit anna arbeid som må nemnast, er Kristen Idrettskontakt, KRIK. Det har stor oppslutning med om lag 100 medlemmer. Alle gler seg over dette tiltaket. **Så kjem oppfordringa: Det er di kyrkje. Du er alltid velkommen!**
Finn Arne Roaldsnes

Signe Hellevik er tilsett som sokneprest i Fiksdal og Vestnes sokn. Kyrkjebladet gratulerer, og ønsker henne velkommen. Stillinga som sokneprest i Tresfjord og Vike vil derfor bli utlyst.

Søkjarar til sokneprest-stillinga i Vestnes og Fiksdal sokn

Det er seks søkjarar til den utlyste soknepreststillinga.

1. Drønnen-Schmidt, Gustav
2. Hellevik, Signe
3. Hobbel, Arne J.
4. Kolbeinsdóttir, Helga
5. Schmidt, Bodil
6. Sylte, Inger Marie Jakobsen

Som vi ser frå lista, er to av søkjarane lokale.

Avskjedsgudsteneste for Finn Arne Roaldsnes

I Vestnes kyrkje blir det avskjedsgudsteneste for Finn Arne Roaldsnes 1. påskedag kl 11.00. Søndag 27. april kl 11.00 blir det avskjedsgudsteneste i Fiksdal kyrkje.

Takk for gåve!

Kyrkjebladet takkar Vestnes Pensjonistlag for gåva på 1000 kr.
Redaksjonen



Ballgeneralen

Av Asbjørn Gismås

For fjerde året på rad har Vike sokneråd arrangert ballmiddag i kyrkja ein fredag i mars. Kvar gong har kvaliteten og smaken på maten vore topp. Det har sjefskokken, Oddleif Bøe (69,) eigenhendig sørgd for.

Ja, for Oddleif er ordentleg kokk. Han er oppvaksen i Stryn og på Marstein i Romsdalen, gift med Grethe frå Volda og bufast ved fjøresteinane på Vikebukta dei siste 43 åra. Heilt sidan han var ung, har han laga mat til sjøs, på ulike farty, på skuleskip, i utanriksfart, på fabrikktrålar, MRF-ferjer og frakteskip. Lengste perioden var i MRF. Mellom anna var han restaurasjonsbestyrar på M/F Tresfjord over Romsdalsfjorden. - *Det er mykje arbeid å lage middag til heile bygda. Kvifor gjer du dette, Oddleif?* Eg synest det er moro, og veldig kjekt at bygdefolket kan samlast slik. Det er ein sjau medan det står på. Eg held på 3-4 dagar med førebuing og koking, sjølv om kona Grethe og nokre andre gode hjelparar er med. Men når det er over, og vi har fått eit fint overskot til opprusting av kyrkjekjellaren, er eg sliten, glad og fornøgd. Dette vil

eg gjerne halde fram med så lenge eg har helse og krefter til det. Oddleif var medlem av Vike sokneråd i 10 år, med 8 år i Fellesrådet, og var ein av dei som tok initiativ til ballmiddag i Vike kyrkje. Oddleif og Grethe er ofte å sjå på gudstenester og andre tilstellingar i kyrkja. - *Har du vore kyrkje-gjengar all di tid?* Nei, langt i frå. Då eg vart spurd om å stille på lista til soknerådsvalet på slutten av nittitalet, visste eg ikkje eingong kva soknerådet var. Sidan har eg treft mange trivelege folk i soknerådet og kyrkja, og eg set pris på kyrkjelyden vår. Kyrkjelyden set pris på Oddleif og Grethe òg, og vi håper å få mange år i lag med dei vidare!



Omlegging/ restaurering av skifertak på kyrkjene i Fiksdal og Vestnes

Av Sigurd Moltubak

I fleire år har stein falle ned frå taket på desse kyrkjene. Det er gangveggar langs veggene ved begge kyrkjene, og både ved snørydding om vinteren og plenslått/ arbeid om sommaren har stein falle ned. Dette har vore ein stor fare. Fellesrådet har sett i gang restaurering ved Vestnes kyrkje. I neste omgang vil Fiksdal kyrkje bli oppgradert. All skiferen blir teken av og reinska, skadar på taket reparert og skiferen lagt på igjen. Takrenner og nedlaup blir retta opp og skifta ut. Nytt er det at taket vil få snøfangarar montert. Begge kyrkjene er verna av Riksantikvaren. Både Møre biskop og Riksantikvaren måtte godkjenne arbeidet slik det blir utført.



Desse kyrkjene er teikna av arkitekt J. W. Jordan. Fiksdal kyrkje er frå 1866, Vestnes kyrkje frå 1872. I tillegg til å vere stad for tilbeding til Gud, er det bygningar av stor kulturhistorisk verdi. Den milde og turre vinteren har gjeve gode arbeidstilhøve for arbeidet. Håvard Fiskaa frå "Vest Kompetanse Konsult Sa" er prosjektleiar for Fellesrådet. Entreprenør Kjartan Holseter har ansvar for utføring av arbeidet. Snikkarane gjer eit imponerende arbeid i høgda! Arbeidet med Vestnes kyrkje starta tidleg i januar og vil etter planen stå ferdig i byrjinga av mai. Vi vil då ha eit kyrkjetak som truleg vil halde dei neste hundre åra! Så får vi vone at det ikkje blir for lenge til Fiksdal kyrkje får same oppgraderinga.



Konsert og Karnevalsgudsteneste med Team Sulebakk



Team Sulebakk hadde ein flott konsert i Vestnes kyrkje laurdagskvelden 1. mars. Fengande rytmar og gode tekster fekk publikum i god stemning.



Barn frå heile kommunen fekk glede av å lære songar som dei framførte saman med Team Sulebakk under karnevalsgudstenesta søndag 2. mars.



Johanne Kjerstad (4 år) er veldig glad i å synge. Ho koste seg i det nydelege fekostymet sitt.



Michael Jackson (Odin Johan J. Sylte, 10 år) syntest det var stas å møte ein som song så bra.



Luftgitarspeling på høgt nivå.



Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi på bedehuset. Alle fire sokneråda bidrog med å bake muffins og steike vaflar. Ellen Edvardsen hadde lagd godteposar som alle barna fekk.



Diakon Ellen Edvardsen dramatiserte forteljinga om den bortkomne sonen. Ho strødde gullpengar utover golvet for å vise korleis sonen sløste med arven, - dette til stor glede for barna som var raskt framme for å plukke opp sjokoladegullpengane.



Kantor Sissel Schiøtt og diakon Ellen Edvardsen var i sitt ess denne søndagen som bar preg av barn, musikk, fargar og glede.



Ute i gangen på bedehuset hadde nokre ungdommar frå KRIK leikar for barna.



Det var barn i mange fargar som prega Vestnes kyrkje denne søndagen: klovn, tryllekunstnar, jordbærjente, piratar, Batman, prinsesser, cowboy... Her har Tone Myrhaug Gridsvåg (7 år) kledd seg ut som einhjörning.

Eidsvollsmannen som drukna på Tresfjorden

Av Per Bjørn Ellingseter

I desse tider blir minnet om grunnlovsarbeidet på Eidsvoll markert på ulike måtar. Her frå Vestnes kommune hadde vi ingen representant mellom dei 112 eidsvollsmennene. Av dei fem som representerte Romsdals amt, som fylket vårt heitte den gongen, var det likevel to som hadde, eller fekk, ei viss tilknytning til Vestnes. Den eine var sjølv amtmannen, Hilmar Meincke Krohg, som var far til den første soknepresten vår, OttoTheodor Krohg. Den andre var soknepresten i Veøy prestegjeld, prost Jens Stub.

Sidan Vestnes enno ikkje var blitt eige prestegjeld, var det Stub som var presten "vår" den tida. Han kom frå ei gammal embetsmannsslekt, og vart utnemnd til sokneprest i Veøy i 1802. Han var 50 år gammal då han vart vald til å representere landdistrikta i amtet ved grunnlovsforsamlinga i 1814. Etter det kjeldene fortel, var han ikkje særleg aktiv under forhandlingane i møta på Eidsvoll, men han "skal ha uttalt seg klart i andre sammenhenger". Det vart også sagt at "han hørte til de medlemmer, der mere gjorde sig bemærket i det private samliv udenfor møderne end i disse". På Eidsvoll representerte han "unionspartiet", i motsetnad til dei fleste andre representantane frå Vestlandet.

Etter at det viktige arbeidet på Eidsvoll var fullført, engasjerte ikkje Stub seg meir i politikken. Han heldt seg til prestegjerna i dei få åra han fekk att å leve. Ivar Brovold gjev han denne karakteristikken: "Provst Stub var ikke alene en

begavet prædikant, men en mand, som i sjelden grad havde omsorg for alt og alle i sin menighed, og almindelig agtet og afholdt som en far". Det er mange segner og folkeminne om Stub; mellom anna trudde mange den gongen at han hadde "svarteboka".

Dei to kyrkjene vi hadde i Vestnes den tida, Vestnes og Tresfjord, hørde til Veøy prestegjeld, og presten budde på prestegarden på Veøya, "innpå øy'n", som dei sa. For å komme ut i tenesteoppdrag til kyrkjene var båten det einaste transportmiddelet. Alle gardbrukarane fekk pålagt "preste-skyss", slik at seks mann skulle skyssse presten kvar gong det var preike i anneksskyrkjene. Søndag 24. oktober 1819 skulle det vere preike i Tresfjord, og til å skyssse seg denne dagen hadde prosten fått med seg desse karane frå Vågstranda: Amund Erikson Reistad (gardbrukar, 48 år), Ole Jonson Bjerke (gardbrukar, 34 år), Peder Lasseson Kjølstad (inderst, 32 år), Tomas Olson Reistad (gardmannsson, 21 år), Iver Anderson Sæt (dreng på Reistad, 42 år). Då dei var komne så vidt inn i Tresfjorden, mellom Skjegstad og Skorgenaset, kollsegla dei, og alle drukna og mista livet der. Rorskarane fann dei att, men prost Stub vart aldri funnen, sjølv om dei leitte og sokna i mange dagar. "Omkom paa Søen ved hans Rejse til Tresfjords Kirke", står det i kyrkjeboka for Veøy. Slik enda livet til eidsvollsmannen Jens Stub.

Kulturskatt til vurdering

Av Sindre Taklo, soknerådsleiar Vestnes sokn

Det er ikkje berre Grunnlova som feirar jubileum i år. Den gamle messehakelen i Vestnes kyrkje er i år 300 år gamal. Å vere eigar, og med det ansvarleg, for eit slikt klenodium gjer ein audmjuk. Tekstilutvalet tok i førre soknerådsperiode kontakt med Museumssenteret i Hordaland for å finne ut korleis ein best kunne ta vare på messehakelen. Det vart òg bede om å få eit kostnadsoverslag over kva ei istandsetjing ville koste.

I januar kom det melding frå Museumssenteret der dei sa seg leie for at førespurnaden vår hadde gått i gløymeboka. Dei antyda ein sum på kr. 35 000 på istandsetjing av messehakelen for bruk. Dei kunne òg ta på seg å ta inn messehakelen til ei vurdering som kan vere nyttig for oss som eigarar med omsyn til lagring og bruk.

Soknerådet fatta i førre møte vedtak om å sende messehakelen til Museumssenteret for ei slik vurdering. Resultatet av dette vil avgjere vidare arbeid med saka.



Foto: Kaare Lervik.

Konfirmantar i Vestnes kommune våren 2014

Vestnes kyrkje 04. mai

Tomrefjord-konfirmantar

Eileen Frostad
William Alexander Gjelsten
Astrid Linnea Heggem
Kristin Hestnes
Sara Øveraas Karlstrøm
Daniel Knotten
Fredrik Nakken Langstein
Kurt Nicolas Bårdsnes Langstein
Sunniva Sæhaug Larsen
Andrea Malene Johansen Misund
Camilla Vik Nygård
Kim Andre Pedersen
Helene Kristin Nekstad Pedersen
Audur Helga Reynisdottir
Victoria Skeide Sandnes
Ivar Skodje Selnes
Tobias Vestre
Milena Marie Magerøy Vik

Tresfjord kyrkje 11. mai

Markus Bjermeland
Dennis Raknem Dolmen
Simen Skjegstad Olsen
Helene Stavem
Mathilde Nystøyl Uren
Eva Britt Storsten Venås

Vestnes kyrkje 29. mai

Helland-konfirmantar

Vanessa Ulvestad Bjerke
Ingvild Lien Eggen
Markus Eik-Nikolaisen
Maria Kristine Flate Falch
Jeanet Katrin Gjerde
Siri Myrhaug Gridsvåg
Ploy Julie Honningdal
Henning Arvik Langseth
Juan Richard Larsen
Robert Eidhammer Misfjord
Kevin Talberg Nerbø
Michelle Connor Søreng
Joakim Ødegård

Vestnes kyrkje 31. mai

Helland-konfirmantar

Elias Henriksen
Lina Myren
Pål Martin Henriksen Nordeide
Oline Salthammer
Amalie Skavnes
Ina Danielle Krogsæter Skjegstad
Bernt Skjegstad
Kristin Thoresen Solnørdal
Markus Vikås Steen
Henriette Lervik Øvstegård
Oda Helen Aspsæter Stømsvåg
(Konf. i Straumsnes)

Vike kyrkje 01. juni

Oliver Richard Hegdal Hoem
Kristoffer Løvik Legernes
Ørjan Lyslo
Alexander Julian Kismul Skjegstad
Sara Bergstrøm Haarr

Fiksdal kyrkje 25. mai

Agnete Skeide Aasgard
Kathrine Bolli Anundsen
Kristoffer Marken Bjerkevoll
Trond Fylling Ellingseter
Ole Martin Kvam
Vidar Henriksen Lien
Andreas Nygård
Aleksander Solbakken
Vibecke Elin Gjelsten Sørvik

VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00

Telefaks: 71184231

Finn Arne Roaldsnes, sokneprest

Telefon: 71184234 / 90829737

E-post: finn.arne.roaldsnes@vestnes.kommune.no

Signe Hellevik, sokneprest

Telefon: 71184236 / 91123045

E-post: signe.hellevik@vestnes.kommune.no

Inger Marie Jakobsen Sylte, vikarprest

Telefon: 71184236 / 99717442

E-post: imjsylte@gmail.com

Reidun Blø, kontorsekretær: Telefon: 71184232

E-post: reidun.blø@vestnes.kommune.no

Toril Lillebø Nerland, kyrkjevevje (sjukmeld)

Sigurd Moltubak, vikar for kyrkjevevje

Telefon: 71184235 / 92086951

E-post: kyrkjevevje@vestnes.kommune.no

Ellen Edvardsen, diakon (permisjon)

Telefon: 71184237

E-post: diakon@vestnes.kommune.no

Sissel Schiøtt, kantor: Telefon: 71184230 / 95270346

E-post: sissel.schiott@vestnes.kommune.no

Geir Falch, kyrkjetenar: Telefon: 90217404

Sivert Hovde, trusopplærar

(vikar for Inger Marie J. Sylte) Telefon: 71184238

E-post: siverthovde@gmail.com

Nina Kvernmo, konfirmanntlærar

Telefon: 95231698 , E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:

www.vestnes.kyrkja.no

Slekters gang

Vestnes kyrkje

Døyppte:

08.12 Alfred Lungård
29.12 Charleen Kwankhao Sagen
26.01 Martin Olai Christensen Falch
23.02 Vilde Krogsæter
23.02 Samuel Corrales Østrem
16.03 Tiril Krüger Edvardsen
16.03 Leo Nathaniel Ellingsen Skogheim

Døde:

18.11 Jorunn Vestnes
29.11 Olaf Magnar Stokkeland
02.12 Sissel Oddrun Sanden
17.12 Margit Eikebø
20.12 Anne Gro Bjerkestrand Stige
03.01 Marry Guldstein
17.01 Anders Stokkeland Øverås
29.01 Aud-Irene Aas
02.02 Johanne Selnes
11.02 Jan Karsten Vågen
17.02 Jens Øverås
21.02 Anbjørg Jacobsen
03.03 Kristine Bergljot Bjørdalsbakke
05.03 Oddvar Bårdsnes
16.03 Oddmund Skavnes
23.03 Knut Misfjord

Fiksdal kyrkje

Døyppte:

09.02 Sanna Orvik
09.02 Håkon Wernberg Aas

Døde:

19.03 Gunnvor Sahr Bergheim

Tresfjord kyrkje

Døyppte:

16.02 Asgeir Lindset
16.02 Mathias Fosen Lindset

Døde:

19.12 Torstein Olav Skeidsvoll
29.12 Peder Bjerkeseth
10.01 Erling Christensen
19.01 Norvall Kristiseter
12.02 Olav Monstad
04.03 Alfild Møllbach Skogstøm
16.03 Mary Lange
17.03 Borgny Hungnes

Vike kyrkje

Døyppte:

05.01 Karoline Viddal

Døde:

17.12 Henry Ingemann Vike
27.12 Margot Krogset
28.12 Kjellaug Gjermundnes
29.01 Mali Haarr
29.01 Målfrid Aanes

Gudstenester i Vestnes

(med atterhald om evt. endringar)

13. april Palmesøndag

Myra kulturhus kl. 17.00

Storfamiliegudsteneste.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

17. april Skjærtorsdag

Tomresetra kl. 12.00

Sportsandakt. Takkoffer til Tomrefjord kristne forsamlingshus.

Tresfjord trygdeheim kl. 16.00

Nattverdsgudsteneste.

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Høgmesse med nattverd.

Takkoffer til Kvite Band.

18. april Langfredag

Vike kyrkje kl. 11.00

Langfredagsgudsteneste.

Vestnes sjukeheim kl. 16.00

Nattverdsgudsteneste.

20. april Påskedag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.

Takkoffer til Israelsmisjonen.

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

21. april 2. påskedag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.

Takkoffer til Diakoniarbeidet.

27. april 2. s. i påsketida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Ekumenisk gudsteneste. Nattverd.

Talar frå Misjonsforbundet.

Takkoffer til Misjonsforbundet.

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Samtalegudsteneste for Tomrefjord-

konfirmanthane.

Takkoffer til Konfirmentarbeidet.

30. april Onsd. e. 2. s. i påsketida

Tresfjord kyrkje kl. 19.00

Samtalegudsteneste for Vike- og

Tresfjordkonfirmanthane.

Takkoffer til KRIK Vestnes.

04. mai 3. s. i påsketida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste for Tomrefjord-

konfirmanthane.

Takkoffer til Konfirmentarbeidet.

11. mai 4. s. i påsketida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste.

Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

14. mai Onsdag e 4. s. i påsketida

Fiksdal kyrkje kl. 19.00

Samtalegudsteneste.

17. mai Grunnlovsdagen

Fiksdal kyrkje kl. 10.00

Gudsteneste. Takkoffer til NKSS.

Vestnes kyrkje kl. 12.00

Gudsteneste. Takkoffer til Redd Barna.

Vike kyrkje kl. 10.00

Gudsteneste. Takkoffer til Amnesty

Internasjonal.

Tresfjord kyrkje kl. 12.00

Gudsteneste. Takkoffer til Romsdal

søndagsskulekrets.

framhald side 16

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Kaare Lervik, Audbjørg Gjerde Lippert,
Kari Moe Elgsaas, Kari Nakken og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret, 6390 Vestnes

kyrkjebladet.vestnes@gmail.com

*

Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til stoff
eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet, til å
ta kontakt med redaksjonen. Takk!

Siste frist for innlevering av stoff til neste nr er 23.8.

Gåver til drift og distribusjon
av kyrkjebladet er kjærkomne.

Kontonummer 4056.20.62124



framhald frå side 15 **Gudstenester i Vestnes**

18. mai 5. s. i påsketida
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Dåpsgudsteneste.
Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

21. mai onsdag e. 5. s. i påsketida
Vestnes kyrkje kl. 19.00
Samtalegudsteneste for Helland-konfirmentane.
Takkoffer til Konfirmentarbeidet.

25. mai 6. s. i påsketida
Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste.
Takkoffer til eige arbeid.

29. mai Kristi himmelfartsdag
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste for Helland-konfirmentane gr. 1.
Takkoffer til Redd Barna.

31. mai Laurdag e. 6. s. i påsketida
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste for Helland-konfirmentane gr. 2.
Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

01. juni s. f. pinse
Vike kyrkje kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste.
Takkoffer til Misjonsprosjekt i Mali.

08. juni Pinsedag
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.
Søndagsskule.

Fiksdal kyrkje kl. 18.00
Songgudsteneste.
Takkoffer til Misjonsprosjektet.

09. juni 2. pinsedag
Korsstøneset kl. 16.00
Korsstønesmesse.
Takkoffer til Åkerlehaugen.

Tresfjord kyrkje kl. 18.00
Kveldssong.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

15. juni Treeinigssøndag
Stall Kjersem kl. 16.00
Skaparverkets dag.
Takkoffer til Amatheia.

22. juni 2. s. i treeinigstida
Vike kyrkje kl. 11.00
Høgmesse med nattverd. Takkoffer til Trusopplæringa i soknet.

29. juni 3. s. i treeinigstida
Tomresetra kl. 12.00
Skaparverkets dag.
Takkoffer til Tomrefjord Kristne Forsamlingshus.

06. juli 4. s. i treeinigstida
Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til KRIK.

13. juli 5. s. i treeinigstida
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til Misjonsprosjekt i Begi.

20. juli Aposteldagen
Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til Misjonsprosjekt i Mali.

27. juli 7. s. i treeinigstida
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til KFUK-KFUM.

29. juli Olsok
Tresfjord kyrkje kl. 18.00
Olsokgudsteneste i folketonedrakt.
Takkoffer til Kyrkjestova.

03. august 8. s. i treeinigstida
Vike kyrkje kl. 18.00
Songgudsteneste. Takkoffer til Diakoniarbeidet.

10. august 9. s. i treeinigstida
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til Diakoniarbeidet.

17. august 10. s. i treeinigstida
Øygardsbukta kl. 12.00
Gudsteneste.
Takkoffer til Eige arbeid.

24. august 11. s. i treeinigstida
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Konfirmentpresentasjon.
Takkoffer til Wycliffe.

31. august 12. s. i treeinigstida
Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Konfirmentpresentasjon.
Takkoffer til KRIK Vestnes.

07. sept. 13. s. i treeinigstida
Vike kyrkje kl. 11.00
Konfirmentpresentasjon.
Takkoffer til KRIK Vestnes.

Fiksdal kyrkje kl. 18.00
Konfirmentpresentasjon.
Takkoffer til eige arbeid.

14. sept. Vingardssøndag
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Hausttakkefest. Utd. av 4-årsbok.
Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

21. sept. 15. s. i treeinigstida
Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Hausttakkefest. Utd. av 4-årsbok.
Takkoffer til Topp Safari.

28. sept. 16. s. i treeinigstida
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til Konfirmentarbeidet.